

---

Saksnr: 2020/41735-21  
Saksbehandlar: Signe Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.10.2021

**Utkjøpstilbud frå Sarsia Development AS i samband med at selskapet skal avviklast**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune tek imot utkjøpstilbudet frå Sarsia Development AS, og sel dei 30 752 aksjane for kr 1 014 816,-, dvs. kr 33 per aksje.
2. Salsutbyttet skal setjast av til ubundne fond, jf. reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

**Samandrag**

Sarsia Development AS, som fylkeskommunen eig 30 752 aksjar i (1,97 % av aksjekapitalen), arbeider mot avvikling i 2022, og har i samband med dette gitt dei mindre aksjonærane tilbod om å selje aksjane sine til selskapet for 33 kr per aksje.

I den tilbydde utløysingssummen på 33 kr per aksje er det gjort frådrag for honorar til rådgjevar på 7,5 % og ein likviditetsrabatt på 22,5 %. Fylkesdirektøren vurderer tilbodet som rimeleg.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den 26.08.21 fekk fylkeskommunen eit utkjøpstilbod frå Sarsia Development AS, som fylkeskommunen eig 30 752 aksjar i (1,97 % av aksjekapitalen i selskapet). Pålydande verdi per aksje er éi krone.

Utkjøpstilbodet kjem som følge av at selskapet arbeider mot avvikling i 2022. Avviklinga skal hovudsakleg skje ved utdeling av selskapet si portefølje, men når det gjeld dei mindre aksjonærane i selskapet (eigardel under fem prosent), så har styret i selskapet, i samråd med dei største aksjonærane, bestemt seg for å tilby utkjøp allereie no til 33 kr per aksje. For fylkeskommunen tilsvarar dette litt over 1 mill. kr.

Fylkeskommunen og fleire av dei mindre aksjonærane kan ikkje, på same måte som dei større aksjeeigarane, overta aksjane i Sarsia Seed AS, sidan det er krav om at forvaltarar av dette selskapet/investeringsfondet skal vere profesjonelle. Aksjeposten i Sarsia Seed AS utgjer, saman med aksjeposten i legemiddelutviklingselskapet BerGenBio, størstedelen av Sarsia Development AS sine verdjar. Alternativet er at dei mindre aksjonærane sine eigardeler vert forsøkt selde til høgstbydande på tidspunktet for avviklinga. Det er berre BerGenBio av porteføljeselskapa som er børsnoterte.

Selskapet har tidlegare formidla at selskapet ville betale ut utbyte til eigarane i haust. Dette er ikkje lenger aktuelt, sidan det er desse midlane som no er sett av til å kjøpe ut minoritetsaksjonærane.

Sarsia Development AS bad opphavleg om svar innan 24.09.21, men har gitt fylkeskommunen utvida svarfrist til 21.10.11.

Om selskapet

Sarsia Development AS vart etablert i 2009 for å sikre kommersialisering av tilleggsidear frå Universitetet i Bergen. Selskapa og fonda m.m. i Sarsia Development si investeringsportefølje stammar altså frå forskingsmiljøet ved Universitetet i Bergen. Selskapet sitt føremål er å auke verdien av investeringsporteføljen ved aktivt eigarskap.

Hordaland fylkeskommune kom inn på eigarsida i 2010, då selskapet Sarsia Innovation AS, som fylkeskommunen eigde aksjar i, fusjonerte med Sarsia Development AS. Sarsia Innovation AS hadde, saman med Stiftelsen Unifob og L. Meltzers høyskolefond, vore med på å opprette Sarsia Development AS.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i Sarsia Innovation AS, og seinare Sarsia Development AS, var næringsutvikling og innovasjon, og i fylkeskommunen si eigarskapsmelding frå 2008 var føremålet skildra slik:

*«Selskapet utviklar forskingsbaserte forretningsidear til attraktive investeringsobjekt. Fylkeskommunen sitt ansvar på næringsfeltet - og særleg det som gjeld innovasjon- og gründerverksemd - er bakgrunnen for dette eigarskapet.»*

Dei største eigarane er i dag Stiftelsen Unifob (28 %), Meteva AS (20 %), L. Meltzers Høgskulefond (18,4 %), Sparebanken Vest (10 %), Nordea Liv Norge AS (7 %) og Hannibal Invest (6 %). Andre eigarar er diverse offentlege og private investorar med under fem prosent eigardel.

Aksjepostane i investeringsfondet Sarsia Seed og i legemiddelutviklingselskapet BerGenBio utgjer ein stor del av selskapet/fondet sine verdjar. Selskapet har vidare aksjepostar i Epsis AS, Novel Diagnostics AS og UniTargetingResearch AS.

Selskapet har, i tråd med intensjonen ved skipinga av selskapet, arbeidd etter ei målsetting om å avvikle selskapet i 2015, på ein måte som i størst mogleg grad tek vare på aksjonærfellesskapet sine verdjar. I 2015 var eigarane samde om at selskapet trengte meir tid, og selskapet har etter det arbeidd etter ei målsetting om å avvikle selskapet så raskt som råd. Avvikling skal etter planen no skje i 2022.

Selskapet betalte i 2020 ut utbytte på 13,55 kr per aksje til aksjonærane, og har kjøpt tilbake og nedskrive 435 828 egne aksjar. Fylkeskommunen fekk i fjor utbetalt 416 689,6 kr i utbytte. Selskapet sin aksjekapital er etter nedskrivninga 1 562 762 kr fordelt på 1 562 762 aksjar.

På generalforsamlinga i år fekk styret fullmakt til å gjennomføre oppkjøp av inntil 10 % av aksjane i selskapet i tråd med reglane i aksjelova kapittel ni. Ifølgje fullmakta kan selskapet betale mellom 28 og 52 kr per aksje.

For meir informasjon om selskapet, sjå RS 92/21 og RS 70/21 til fylkesutvalet med kvartalsvis aksjonærinformasjon frå selskapet, og fylkeskommunen si eigarskapsmelding.

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet tek avgjerd i enkeltsaker om sal og kjøp av aksjar innafor ei ramme på 2 mill. kr, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1. Salsutbyttet skal setjast av til ubundne fond, jf. same punkt.

#### Vurderingar og verknader

Selskapet skal etter planen avviklast i 2022. Spørsmålet er ikkje om fylkeskommunen sin eigarskap skal avviklast, men korleis dette skal skje.

Selskapet tilbyr utkjøp til 33 kr per aksje, jf. det som står om dette over. Alternativet er at dei mindre aksjonærane sine eigardeler vert forsøkt selde til høgstbydande på tidspunktet for avviklinga. Utfallet av dette alternativet er uvisst.

Utløysingskursen er rekna ut frå verdien av selskapet sin portefølje per 30.06.21. På dette tidspunktet var selskapet sine aktiva totalt verdt 74 mill. kr, noko som gjev ein underliggende verdi per aksje på 47,4 kr, mot 52,6 kr ved utgangen av førre kvartal. I den tilbydde utløysingssummen på 33 kr per aksje er det gjort frådrag for honorar til rådgjevar på 7,5 % og ein likviditetsrabatt på 22,5 %. Å trekke frå ein likviditetsrabatt er først og fremst vanleg ved sal av aksjar i mindre selskap som ikkje er børsnoterte, som Sarsia Development AS. Medan aksjar i børsnoterte selskap vanlegvis kan omsettast raskt og med låge transaksjonskostnader, så finst det ingen tilsvarande marknadsplass for aksjar i selskap som ikkje er børsnoterte.

Fylkesdirektøren har ikkje merknader til selskapet si verdifastsetjing av selskapet, og vurderer elles frådraga selskapet har gjort til å ligge innanfor det som må reknast som normalt og rimeleg å trekke frå i selskap som ikkje er børsnoterte. Ut frå dette er fylkesdirektøren si vurdering at fylkeskommunen bør stille seg positiv til tilbodet frå selskapet.

**Økonomi:** Sjå vurderinga over.

**Klima:** Ikkje direkte relevant.

**Folkehelse:** Ikkje direkte relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje direkte relevant.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår fylkesutvalet å takke ja til utkjøpstilbodet frå Sarsia Development AS på vegner av fylkeskommunen.